

Beredskapsvakt

Føremål

Rutinen er etablert for å sikre at ansvaret vakthavande toppleiar innehar er kjend for vedkomande og for organisasjonen.

Omfang

Rutinen omfattar toppleiargruppa i og fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune:

- Fylkesrådmann
- Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
- Fylkestannlege
- Fylkesdirektør opplæring
- Fylkesdirektør samferdsel
- Fylkesdirektør kultur og idrett
- Fylkesdirektør regional

Gjennomføring

Beredskapstelefon: 409 20 897

Hordaland fylkeskommune sin beredskapstelefon er etablert for at fylkeskommunens kriseleieiing sentralt (FKKL) skal varslast når krisesituasjonar oppstår, for å kunne støtte lokal kriseleieiing og for å handtere kriser som kan utvikle seg i omfang eller alvorgrad.

Alle tilsette i Hordaland fylkeskommune skal kjenne til dette nummeret. Det skal brukast ved reelle krisesituasjonar eller ved situasjonar som potensielt kan utvikle seg til krise, anten med omsyn til liv, helse, miljø, alvorleg materiell skade eller omdøme Krise.

Beredskapstelefonen er operativ alle dagar, heile døgnet. Alle toppleiarar skal kjenne godt til fylkeskommunen sin kriseberedskapsplan.

Beredskapsvakta inneber følgjande:

- å svare på henvendingar, responstid maks ein time

- vidareformidle henvendingar (SMS, epost, telefonar) til rette vedkomande:

- varsel om øving og evt andre viktige henvendingar frå fylkesmannen i Hordaland vert i utgangspunktet handtert av beredskapsvakt. Ved slike skal fylkesrådmannen alltid varslast.
- henvendingar frå tilsette/publikum som angår t.d. HFK sine bygg/kontor eller større grupper tilsette vert i utgangspunktet handtert av beredskapsvakt, i samarbeid m aktuelle fagansvarlege (eigedomssjef, driftsleder, fylkesdirektør organisasjon o.a.)

- bistå lokal kriseleieiing ved behov

- formidle situasjonen som har oppstått til aktuelle partar: lokal kriseleieiing eller FKKL

- halde eit auga med mediebialetet, slik at ein er orientert om potensielle situasjonar som kan oppstå

Vakthavande toppleiar har ansvar for å kontakte leiar av FKKL (fylkesrådmann eller stadfortredar

(fylkesdirektør økonomi og organisasjon) som vil vurdere eventuell mobilisering av FKKL.

Vakthavande toppleiar har fullmakt til å sette kriseleieiing.

Vakthavande toppleiar skal òg alltid forsikre seg om at aktuell fylkesdirektør er varsla.

Vakthavande toppleiarar sin rolle i FKKL er å kontinuerleg monitorere situasjonen saman med loggførar.

Ansvar utover dette kan vere å framskaffe ressursar, iverksetje tiltak og anna teneste på

oppmøteplass.

Vakthavande toppleiar skal ha tilgjengeleg vaktplan/instruks, mobiltelefon og pc, og skal respondere umiddelbart (maksimal responstid: ein time) på alle henvendingar.

Vakthavande toppleiar har forbod mot å nyte alkohol eller andre rusmidlar når ein har beredskapsvakt. Som vakthavande toppleiar må ein opphalde seg i Noreg under beredskapsvakta, Arbeidsgjevar skal sørge for at arbeidstakar har tilstrekkeleg opplæring og kompetanse i handtering av krisesituasjonar.

Beredskapsvakta er på månadsbasis. Vaktplan vert sett opp for eitt kalenderår, med unntak av perioden frå ca. 23.6 til ca. 10.8. Denne vert avtalt særskilt og vert avvikla med vekesvakter. Så langt det er mulig vil ein unngå å legge vaktperiode til avtalt ferie for den enkelte. Fylkesdirektørane er ansvarlige for å bytte seg i mellom ved kortare fråvær (ferie, utanlandsreise mm). Fylkesrådmannens sekretariat må varslast ved bytte av vakt.

Rapportering

Vedtekne kriseberedskapsplan skal følgjast ved krisesituasjonar. Avvik i rutinar i kriseberedskapsplan skal meldast inn til FKKL ved evaluering av kvar krisesituasjon som har blitt meldt inn til beredskapstelefonen eller epostmottaket for beredskap.